

Sak 48-21 Låneopptak 2021.

Tilråding til vedtak

1. Styret vedtek å gjennomføre låneopptak 2021 stort kr 24 mill kr, i tråd med vedteke årsbudsjett.
2. Styret delegerar til styreleiar og dagleg leiar å gjennomføre låneopptaket, basert på beste tilbod frå dei spurde tilbodsgjevarane.

Saksutgreiing


VØR skal no gjennomføre låneopptak for 2021. Kr 24. mill.

Midlane vil gå i samsvar med formålet. Utbygginga av Melsgjerdet 3 ilag med relevant utstyr. Vi har bedt om tilbod på fastrente 10 år, i tråd med styret sitt ynskje frå debatten omkring budsjettet for 2022.

VØR har kommunale garantiar for låneopptaka sine og dermed lægre renter enn det ein kan få i lokale bankar.

Vi har derfor også denne gangen spurt Kommunalbanken og KLP banken om tilbod. Fastrente og grønt lån.

Det er viktig at låneopptaket ver gjort i rett periode. Dvs. 2021 budsjettet og gebyrvedtaka for 2021. Eg har derfor bedt om utbetaling i desember.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar